



MELAND KOMMUNE
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Kongsvinger, 22. august 2018
Vår ref.: 18/294
Avdeling for digitalisering og fellesfunksjoner

Vedtak om opplysningsplikt: MELAND KOMMUNE skal delta i undersøkinga Transport med varebilar

Statistisk sentralbyrå (SSB) treng informasjon frå MELAND KOMMUNE for å lage offisiell statistikk om Transport med varebilar. De skal rapportere for perioden 27. august – 31. august 2018. Nedanfor får de informasjon om kva opplysningsplikta inneber, og korleis de skal rapportere.

Kva skal de rapportere?

Spørsmåla de skal svare på gjeld type køyring, køyrde kilometer fordelt på regionar og drivstofforbruk. Dersom bilen transporterer varer, spør vi òg om godsmengde og type vare som blir transportert.

For å halde oversikt over bilbruken i rapporteringsveka kan kjøyredagboka på https://www.ssb.no/innrapportering/naeringsliv/attachment/338169?_ts=161283b00f8 nyttast.

Dersom bilen blir disponert av andre som leasingbil eller utleigebil, må undersøkinga så raskt som mogleg sendast vidare til rett brukar.

Svara dykkar er viktige

Formålet med undersøkinga er å kartlegge bruken av varebilane i Noreg. Det vil også vere med å forbetre datagrunnlaget om transporten som blir utført av varebilar, kombinerte bilar og små lastebilar. Dette transportsegmentet får aukande betydning framover, spesielt i byane. Saman med data frå den faste undersøkinga om lastebilar vil det vere mogleg å gi eit komplett bilete av godstransporten på veg.

Statistikken vil bli brukt til regional og nasjonal planlegging av infrastrukturtiltak, blant anna i samband med utarbeidinga av Nasjonal transportplan og ved analysar opp mot andre transportformer.

De skal rapportere slik

De skal rapportere elektronisk via Altinn innan 12. september 2018:

- ✓ Forsikre deg om at du har riktig rolle (oppgitt på skjemaets informasjonsside på altinn.no)
- ✓ Logg inn på www.altinn.no
- ✓ Vel aktør
- ✓ Vel riktig skjema, fyll ut og send inn, og få kvittering på at opplysningane er sendt.

Problem med Altinn? Ta kontakt med Altinn brukarservice på telefon 75 00 60 00.

På <https://www.ssb.no/innrapportering/naeringsliv/transpsg> kan de lese meir om korleis de svarer på undersøkinga.

De har plikt til å rapportere innan 12. september 2018

Statistikken er så viktig for samfunnet at det ikkje er valfritt å delta. Opplysningsplikta gjeld for verksemda/verksemdene som er lista opp på baksida av brevet. Sender de ikkje opplysningane innan fristen, vil føretaket få tvangsmulkt.

Har de skifta namn, næring eller adresse?

Dersom føretaket har endra namn, næring (verksemd/aktivitet) eller adresse, må de melde dette til Brønnøysundregistra ved å bruke del 1 av Samordna registermelding på www.brreg.no.

Aktuelt regelverk

- plikt til å gi og rett til å hente inn opplysningar: statistikkloven § 2-2
- rett til å påleggje tvangsmulkt: statistikkloven § 2-3
- rett til å tvangsinndrive mulkt og krevje betaling for kostnader: tvangsfullbyrdsloven
- rett til å klage på eit vedtak: forvaltingsloven kapittel VI

Desse lovane finn de på www.lovdatab.no.

Meiner de at vedtaket er feil?

Meiner de at føretaket ikkje har opplysningsplikt, kan de klage på vedtaket innan tre veker rekna frå de tek imot vedtaket. De må grunngi klagen, og alle opplysningar som kan ha konsekvens for behandling av klagen, bør takast med.

Det er Finansdepartementet som er klageinstans, men de sender klagen til Statistisk sentralbyrå, Seksjon for energi-, miljø-, og transportstatistikk, Postboks 2633 St. Hanshaugen, 0131 Oslo eller på e-post til datafangst@ssb.no. Klagen må innehalde desse punkta:

- ✓ namnet og organisasjonsnummeret til føretaket
- ✓ kva for undersøking det gjeld
- ✓ dokumentasjon på årsaka til at de meiner de ikkje har opplysningsplikt

Har de spørsmål?

De kan ta kontakt med svartenesta vår på e-post datafangst@ssb.no eller telefon 62 88 51 90 dersom noko er uklart eller de har spørsmål om vedtaket. Svartenesta er open kl. 09–15 alle kvardagar. Ha organisasjonsnummeret til føretaket klart, så kan vi hjelpe dykk raskare. For spørsmål om Altinn ta kontakt med brukarservice på telefon 75 00 60 00.

Med helsing



Geir Axelsen
administrerende direktør



Roger Jensen
seksjonssjef